



Av 24 konfirmantar i 1969 møtte 11 fram til jubilantsamlinga. Thor Inge er fotografen og er dermed ikkje med på bilete.

**To minnerike dagar for konfirmantjubilanten er over. No er det to år til Soknerådet på nytt inviterer dei som vart konfirmerte for 50, 60, 70 og 80 år sidan, forenkla sagt. Sidan samlinga er 2. kvart år, vert det dobbelt opp av årsklassar. Den eldste konfirmanten i år var 80 års jubilanten, Kari Hermansen.**

50 års konfirmantane starta alt fredag kveld med sosialt samvær på Stemneplassen. Det offisielle frammøte var laurdag kl. 15 med bygdevandring og etterfylgande kafe i Gamleskulen.

Veret var ulagleg. Difor gjekk heile bygdevandringa med buss. Besøksmåla var plukka ut med bakgrunn i Telemarkforskning sin modell om kva som gjer ei bygd attraktiv, nemleg næring, busetnad og servicefunksjonar som skaper besøk.



Den eldste konfirmanten på samlinga var Kari Hermansen, 94 år og konfirmert for 80 år sidan.


I næringssektoren fekk gruppa eit møte med Harald og Marit Hjørnevåg på Hjørnevåg.- nyttig informasjon om ei verksemd som har produsert fiskemat sidan 1948 og som har makta i skiftande tider å tilpassa seg marknaden.



Sverre Ove Arnesen ( 50 års konfirmant ) måtte fram på tavla og sei fram lekse om fjordane og isbreane på Vestlandet.

Chris Fosslø frå fjellklatrarmiljøet fortalde levande om det å vera brukar av storveggen i Ulvanoso, om klatring generelt og om det å heile tida tenkja sikkerhet. Haugland skuleuseum er eit fast innslag på slike turar, alltid like

vellukka der minne frå skuletida kjem sterkt fram.



Christoffer Fossli synte og fortalde om det å vera klatrar i storveggen i Ulvanoso, kunnskap som var ny for mange. Ospelunden stod også på programmet, men tida strakk ikkje til. Det vart orientert om prosjektet der om lag 30 av 60 tomter er selde, tilrettelagde eller bygde på.

Reidar Ådnanes var prest på gudstenesta i dag. 14 nye konfirmantar i 2020 vart presenterte. Talen, som handla om venskap og kjærleik, vart forsterka med eit filmklypp frå Benner sitt program med nyss avdøde Anne Grethe Preus der ho syng og tolkar eit kjærleiksdikt av Bob Dylan.

Kantor Eva Megyesi var organist.

Etter gustenesta var det festleg samvære med song, musikk, middag og helsingar i Gamleskulen.

Tekst nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland Kristian Bringedal



Syskena Malin og Runa Stølsvik var kafevertar på Kafe Tiaren. Det var på alle måtar eit vellukka tiltak.